



Norsk kulturråd
Den norske komité for verdens dokumentarv
ved prosjektleiar Beate Strøm
Postboks 8052 Dep
0031 OSLO

Stortingets administrasjon

Vår dato: 15. september 2011
Vår ref.:

Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Vår dokumentarv / Nominasjon av dokument frå Stortinget

4.1: Samanfatta skildring av dokumenta

Stortinget ynskjer å nominere fylgjande arkiv og einskilddokument knytt til desse sakene:

1. Grunnlova av 17. mai 1814.
2. Grunnlova av 4. november 1814.
3. Mosse-konvensjonen av 14. august 1814.
4. Arkivet etter Riksforsamlinga på Eidsvoll april og mai 1814.
5. Arkivet etter Første overordentlege storting oktober og november 1814.
6. Flagget 1821.
7. Stortinget si handsaming og vedtak av Formannskapslovane i 1837.
8. Innføringa av parlamentarisk prinsipp i 1884 og 2007.
9. Stortingspresident Berner sitt notat om oppløysing av foreininga med Sverige 7. juni 1905, i tillegg til telegram 8. juni 1905 frå Oscar 2 til Stortingets president om at Kongen ikkje ville ta imot sendemennene frå Stortinget, Oscar 2 sitt brev til Stortingets president 26. oktober 1905 med abdikasjon og telegram 18. november 1905 frå prins Carl til Stortingets president der han mottek valet som norsk konge.
10. Innføring av ålmenn røysterett i 1913.
11. Dokumentasjon om Stortinget sine politiske grep då Noreg vart ein olje- og gassnasjon illustrert ved Innst. S. nr. 316 (1971-72) og forhandlingar med votering i Stortinget 13. juni 1972.

Hovudtyngda av nominasjonane frå Stortinget utgjer etableringa og utviklinga av det norske folkestyret frå 1814 til meir moderne tider. Vi nominerer både arkiv, sakskompleks og einskilddokument. Dei to grunnlovane er til dømes resultatet av

Riksforsamlinga på Eidsvoll og Første overordentlige storting, men vi nominerer likevel grunnlovane som einskilddokument.

4.2.1 Søkjar

Det er Stortinget ved stortingsarkivet som søker.

4.2.2 Søkjars forhold til den nominerte dokumentarven

Alle dei nominerte dokumenta og arkiva er plassert i stortingsarkivet, og er Stortinget sin eigedom.

4.2.3 Ansvarlege for nominasjonsprosessen

Ansvarleg for nominasjonsprosessen er Egil Borlaug. Stortingsarkivet sorterer under avdeling for informasjon og dokumentasjon som er leia av Inger Lorange Figved.

4.2.4 Kontaktinformasjon

Stortingsarkivet
Stortinget
0026 Oslo

Inger Lorange Figved, avdelingssjef, tlf: 23 31 36 96 – inger.figved@stortinget.no

Egil Borlaug, stortingsarkivar, tlf: 23 31 36 74 – egil.borlaug@stortinget.no

4.3 og 4.4 Identifikasjon, skildring av dokumenta og grunngjeving for nomineringa

Vi slår saman kapitla 4.3 og 4.4 i mal og rettleiing for nominasjon til Noregs dokumentarv. Dette er gjort for å unngå for mykje oppattaking av ulik informasjon. For kvart einskild dokument presenterer vi både skildring, identifikasjon og grunngjeving for nominasjonen. Stortingsarkivets indre arkiv er brannsikker safe plassert i brannsikkert kvelv.

Dokument 1 - Grunnlova av 17. mai 1814

Grunnlova av 17. mai 1814 er plassert i Stortingets indre arkiv. Dokumentet er digitalisert og presentert på Stortingets nettstad.

Dokumentet er sett saman av 12 falska blad som er hefta saman i eit legg med lintråd. Det er handskrive med jarngallusblekk. Dokumentet dagsett 17. mai 1814, underskrive av dei 112 representantane og forsynt med 111 lakksegl. Vidare er det forseгла med ei gjennomdregen silkesnor og eit lakksegl på siste side. I samband med opprettinga av Stortinget fylgde nemnde dokument med, og har sidan då vore Stortingets grunddokument.

Papirkonservator Nina Hesselberg-Wang frå Nasjonalbiblioteket har gjennomført ei tilstandsvurdering av heile dokumentet. Konservator Marianne Lund Petersen frå Det Kongelige Bibliotek i København har særleg vurdert segla. Både konservatorane utarbeidd rapport for arbeidet. Papiret er i gjennomgåande god stand. Etter snart 200 år er det naturleg nok noko smuss og fingermerker på blada.

Lakken til segla er sett saman av sjellakk, harpiks og sinober. Lakken førekom i fast form, og er påført dokumentet etter vanleg oppvarming. Ein del av segla er påført på korrekt vis og i riktig mengde. Mange segl er tilført sot frå flammen lakken vart varma opp med. I nokre tilfelle har lakken vore for varm, slik at papiret vart brent. Alle segl er i ulik grad skadd grunna krakeleringar.

Dokumentet spelar ei stor nasjonal rolle både som levande grunnlov som regulerer det norske demokratiet og styret, og ikkje minst som nasjonalt symbol.

Dokumentet er autentisk og unikt. Det største trugsmålet mot dokumentet er tidas tann, men rapporten frå konservatorane er klår på at det fysiske miljøet som Grunnlova er plassert i er tilfredsstillande. Dokumentet blir ikkje fysisk brukt i samband med utstilling eller annan type formidling.

Dokument 2 - Grunnlova av 4. november 1814

Grunnlova av 4. november 1814 er plassert i Stortingets indre arkiv. Dokumentet er digitalisert og presentert på Stortingets nettstad.

Dokumentet er i folioformat, sett saman av 38 sider og det er skriva på 34 av sidene. Dokumentet er gjennomtrekt og påført sekretær Lauritz Weidemann sitt segl. Det er handskrive med jarngallusblekk. Dokumentet er underskriva av Stortingets president og sekretær under same dato, tilført redaksjonskomiteens påteikning 11. november og underskriva og forsegla av dei seks svenske utsendingane med dato 4. november 1814.

Dokumentet er autentisk og unikt. Det største trugsmålet mot dokumentet er tidas tann, men rapporten frå konservatorane er klår på at det fysiske miljøet som Novembergrunnlova er plassert i er tilfredsstillande. Dokumentet blir ikkje fysisk brukt i samband med utstilling eller annan type formidling.

Noregs grunnlov av 4. november 1814 er eit resultat av forhandlingane hausten 1814 mellom Stortinget og dei svenske utsendingane om tilpassing av 17. mai-grunnlova til foreininga med Sverige. Dokumentet spelte ei viktig nasjonal rolle som gjeldande grunnlov fram til opphevinga av foreininga med Sverige i 1905.

Dokument 3 - Mossekonvensjonen av 14. august 1814 og Våpenkvileavtala av 14. august 1814 (stadfesta av Carl Johan 15. august 1814)

Dokumenta er plassert i Stortingets indre arkiv. Dokumenta er digitalisert og presentert på Stortingets nettstad.

Papirkonservator Nina Hesselberg-Wang frå Nasjonalbiblioteket har gjennomført ei tilstandsvurdering av dokumentet. Konservator Marianne Lund Petersen frå Det Kongelige Bibliotek i København har særleg vurdert segla. Både dokumenta er i folioformat, falska dobbeltblad fire sider. Dei er skriva med jerngallusblekk. Nedst på Mosse-konvensjonen side tre står signaturane og lakksegla til dei fire forhandlarane: Dei svenske generalane A.F. Skjöldebrand og Magnus Björnstjerna, og dei norske statsrådene Jonas Collett og Niels Aall. På side fire

har kronprins Carl Johan skrive sin ratifikasjon av avtalen, underskrive og forseгла.

Papiret er i gjennomgåande god stand. Litt overflatesmuss og fingermerkar fortel om snaue 200 års alder og bruk. Det er mindre rifter i brettane der papiret har vore bretta. Alle hjørna er stuka, mest omfattande i Mossekonvensjonens nedre kant, mens Våpenkvileavtala i tillegg også har små rifter og skader i øvre kant på dokumentet. Papiret er handlaga klutepapir. Det har fått gulbrun misfarging på verso og motståande side av der lakksegla er påført. Papiret under fleire av segla har revna. For Mossekonvensjonen gjeld det segla til Skjöldebrand og Carl Johan og for Våpenkvileavtalen segla til Skjöldebrand, Björnstjerna og Carl Johan.

I dokumenta er nokre få av segla påført korrekt med passende mengde lakk og ved høveleg temperatur, som til dømes Carl Johans segl i Mossekonvensjonen. Dei andre segla er tilført sot frå flammen lakken ble varma opp med, noko som har sverta den raude lakkfargen. I nokre tilfelle var lakken så varm at det oppstod rifter i papiret under. For Mossekonvensjonen gjeld det segla til Skjöldebrand og Carl Johan, og for Våpenkvileavtalen segla til Skjöldebrand, Björnstjerna og Carl Johan. Så snart lakken vart kald vart segla harde og ufleksible. Med alderen blir lakken også sprø. Handtering av dokumentet har ført til at lakksegla er skadd, som krakeleringar, større sprekkar og tap av lakk.

Den 26. juli 1814 vart Sveriges krigserklæring overlevert ved Svinesund, og natt til 30. juli starta krigen for alvor då den svenske armeen kryssa grensa og festa grepet på Fredriksten festning. Allereie 4. august byrja sonderingar om fred, og 6. august kom Carl Johan med tilbod om fred. Forhandlingar om våpenkvile kom i gang i Moss 10. august mellom den svenske generalmajor Björnstjerna og kong Christian Fredrik. Resultatet av forhandlingane fram til 14. august var ein politisk konvensjon med fire tilleggsartiklar, og ei våpenkvileavtale som skulle tre i kraft straks han var underskriven og vare til 14 dagar etter at Stortinget var kome saman.

Dokumenta er ekte og unike. Det var på grunnlag av desse dokumenta at Noreg endeleg vart underlagt den svenske kongen, og at det første stortinget 7. oktober 1814 møtte for å førebu og gjennomføre forhandlingar med Sverige om naudsynte endringar i Grunnlova av 17. mai same år. På grunnlag av dette er både Mossekonvensjonen og Våpenkvileavtala sentrale dokument i det hendingsrike året 1814.

4.3.1.4 Dokument 4 - Arkivet etter Riksforsamlinga på Eidsvoll 1814

Arkivet er plassert i Stortingets indre arkiv. Det er sett saman av Riksforsamlingas hovudprotokoll og Konstitusjonskomiteens protokoll med alle eksisterande 121 bilag. Arkivet utgjer om lag 40 centimeter, og er ordna etter opphavleg prinsipp. I samband med jubileet i 1914 vart alle aktstykk skriva av og samla i "Riksforsamlingens forhandlingar" i tre delar pluss Christian Fredriks dagbok, Grøndahl & Sønns Boktrykkeri, 1914. Dokumenta i stortingsarkivet utgjer første del i dette verket. Andre del er adresser og fullmaktar, medan tredje del er ulike

grunnlovskast og –forslag som ikkje allereie er omtalt i hovudprotokollen. Dokumenta skal digitaliserast og presenterast på Stortingets nettstad.

Arkivet utgjer særskild viktig dokumentasjon av arbeidet fram til ferdigstillinga av Grunnlova av 17. mai 1814, og må heilt klart sjåast i samanheng med vårt forslag om at nemnde grunnlov blir ein del av den norske dokumentarven.

4.3.1.5 Dokument 5 - Arkivet etter Første overordentlege storting hausten 1814

Arkivet er plassert i Stortingets indre arkiv. Dokumenta er transkribert med tanke på publisering i samband med jubileet i 2014.

Frå 25. oktober til 2. november 1814 forhandla Stortinget med dei svenske utsendingane om tilpassing av Grunnlova av 17. mai til foreininga med Sverige. Størst strid stod det om kongens mynde som øvstkommanderande over dei militære styrkane, og om kven som kunne gje norsk borgarskap til utlendingar. Den 4. november godkjente utsendingane Grunnlova i den endra forma.

Arkivet utgjer særskild viktig dokumentasjon av arbeidet fram til ferdigstillinga av Grunnlova av 4. november 1814, og må heilt klart sjåast i samanheng med vårt forslag om at også nemnde grunnlov blir ein del av den norske dokumentarven.

4.3.1.6 Dokument 6 - Første utkast til eget norsk flagg 1821

Fredrik Meltzers forslag til norsk flagg er plassert i Stortingets indre arkiv. Dokumentet er digitalisert og presentert på Stortingets nettstad.

Meltzer skreiv eit innlegg, dagsett 30. april 1821, til debatten i Odelstinget om flagget. Under ordskiftet vart det av Meltzer og andre hevda synspunkt på at ein burde halde på krossforma og fridomens fargar raudt, kvitt og blått. Meltzer sitt forslag fekk eit fleirtal på 40 av 59 røyster.

Flagget var eit politisk tema gjennom heile foreiningstida. I 1814 vart det skapt eit norsk flagg av det danske ved å plassere den norske riksløva i øvste felt ved stanga. Fire år seinare avgjorde Carl Johan at det svenske flagget med eit raudt og kvitt merke øvst ved stanga skulle vere sams foreiningsflagg for baa rika. I løpet av 1830-åra kom det forslag om eit foreiningsmerke som skulle nyttast i baa lands handelsflagg. Foreiningsmerket vart tolka som eit symbol på bindinga til Sverige, og spørsmålet om å gå tilbake til det reine flagget vart eit viktig element i Venstre sin kamp mot foreininga. Ein ny flagglov vart vedteke mot slutten av hundreåret, og det reine norske handelsflagget vart teke i bruk att 15. desember 1899.

Flaggsaka, dokumentert ved Meltzer sitt vedteke forslag, er av nasjonal verdi.

4.3.1.7 Dokument 7 - Stortinget si handsaming og vedtak av Formannskapslovane i 1837

Dokumentata som syner arbeidet fram til vedtak er lokalisert i Stortingets hovudarkiv og i stortingsforhandlingane.

Med formannskapslovane vart det innført lokal sjølvstyre med valde representantar til kommunestyre. Dette svekte etter kvart embetsmennene sin kontroll med lokalstyret, og styrkte det politiske medvitte til representantane i dei ulike kommunestyra. Etter kvart styrkte dette også Stortinget som fekk representantar frå breie lag i samfunnet, og som hadde politisk erfaring. Det lovfesta kommunale sjølvstyret er viktig også i det moderne norske demokratiet, og dokument som syner prosessen fram mot lovane i 1837 bør vurderast å inngå i den norske dokumentarven.

Eit første forslag vart fremja i 1821, men i denne samanhengen synast det rimeleg å nominere arkivet etter saksgangen på det fjerde overordentlege Stortinget november 1836 fram til vedtak. Dokumenta i saka er samla i mappe OEP 41 frå 1836, og i Stortingsforhandlingar 1836-37 ss. 858-884 og ss. 1018-1043.

4.3.1.8 Dokument 8 - Innføringa av parlamentarisk prinsipp i 1884 og grunnlovsending i 2007

Dokumenta er plassert i Stortingets hovudarkiv.

Gjennombrøtet for parlamentarismen skjedde då Stortinget i møte 30. juni 1884 med 84 mot 25 røyster vedtok Livius Smitt sitt grunnlovsforslag frå 23. juni 1880 om statsråders tilgang til Stortinget. Formelt skjedde det ved at § 74 i Grunnlova vart gitt eit tillegg som ga medlem i regjeringa rett til å møte i Stortinget, Lagtinget og Odelstinget, og ta del i forhandlingane utan røysterett. Vedtaket i juni 1884 var eit resultatet av ein langvarig og til tider særskilt bitter strid. Det er naturleg nok vanskeleg å seie kva tid striden tok til, men like sidan 1814 var det ein maktkamp mellom storting og konge. Ytre sett stod striden om statsrådene burde få tilgang til å ta del i Stortingets forhandlingar, men i røynda galdt det kampen om makta i samfunnet. Sidan 1884 har parlamentarismen, som gir parlamentet (Stortinget) kontroll over den utøvande makta, vore det bærande prinsippet i den norske statsforfatninga.

Prinsippet om parlamentarisme kom likevel ikkje inn i Grunnlova før såpass seint som 20. februar 2007. I § 15 står det no: *Enhver, som har Sæde i Statsraadet, er pliktig til at indlevere sin Ansøgning om Afsked efter at Stortinget har fattet Beslutning om Mistillid til vedkommende Statsraad alene eller til det samlede Statsraad.*

På bakgrunn av dette ynskjer Stortinget å nominere dokument knytt til forhandlingar om og vedtak som grunnlovsfesta prinsippet om parlamentarisme:

1. Livius Smitt sitt grunnlovsforslag frå 23. juni 1880 om statsråders tilgang til Stortinget (handskrive dokument).
2. Indst. S. No. 148 (1884) Indstilling fra Konstitutionskomiteen angaaende:
1) Kongelig Proposition om Forandringer i Grundlovens § 54 med flere Paragrafer, 2) Forslag fra J. Smitt og L. Smitt til Forandringer i Grundlovens § 54 med flere Paragrafer, 3) Forslag fra D. Løvenskiold, vedtaget af M. Birkeland, til Forandring i Grundlovens § 49 med flere Paragrafer, 4) Forslag fra A. Segelke, vedtaget af M. Birkeland, til

Statsraadernes Deltagelse i Stortingets Forhandlinger og dermed sammenhengende Forandringer i Grundloven, samt 5) Forslag fra L. Smitt til Tillæg til og Forandringer i Grundlovens §§ 58, 63, 74 og 75 i. (Dok. No. 90, 1880, I, X, XI, XII og XIII).

3. Debatt og vedtak i Stortinget 30. juni 1884; Stortingstidende 1884, ss. 710-726.

Endringa vart vedteke med 84 mot 25 røyster.

For endringa i 2007 gjeld nominasjonen fylgjande dokument:

1. Dok 12:1 (2003-2004) Grunnlovsforslag fra Jørgen Kosmo, Inge Lønning, Lodve Solholm, Ågot Valle, Odd Holten, Berit Brørby og Carl I. Hagen om endringer i Grunnloven §§ 20, 30, 86 og 87 og nye §§ 15 og 82 (Riksretten)
2. Innst. S. nr. 94 (2006-2007) Innstilling fra kontroll- og konstitusjonskomiteen om grunnlovsforslag fra Jørgen Kosmo, Inge Lønning, Lodve Solholm, Ågot Valle, Odd Holten, Berit Brørby og Carl I. Hagen om endringer i Grunnloven §§ 20, 30, 86 og 87 og nye §§ 15 og 82 (Riksretten)
3. S.tid. ss. 2000-2008 og 2021-2023 (20.2.2007)

Forslaget vart samrøystes vedteke med 160 røyster.

4.3.1.9 Dokument 9 – Oppløysinga av foreininga med Sverige 1905

I Stortingets indre arkiv ligg dei sentrale dokumenta i samband med oppløysinga av foreininga med Sverige. Dokumenta er digitalisert og presentert på Stortingets nettstad. Sjølv om sakskomplekset i samband med oppløysinga er omfattande og går over fleire år, er det likevel nokre dokument som på dekkjande vis synar saka. Stortinget ynskjer å nominere fylgjande dokument:

1. Stortingspresident Carl Berner sitt manuskript til 7. juni-avgjerda. Dokumentet er i folioformat, eitt ark, handskrive på ei side av Berner med hans retting frå "idet" til "som følge af", at (Kongen har ophørt at fungere som norsk Konge)"
2. Telegram 8. juni 1905 frå Oscar 2 til Stortingets president om at Kongen ikkje ville ta imot deputationen frå Stortinget.
3. Oscar 2 sitt brev til Stortingets president 26. oktober 1905 med abdikasjon
4. Telegram 18. november 1905 frå prins Carl til Stortingets president der han mottek valet som norsk konge.

Dette er hovuddokumenta i som dannar rammeverket for hendingane i 1905 som førte Noreg ut av foreininga med Sverige og over til ein sjølvstendig nasjon med nyvald konge. Særleg stortingspresident Berner sitt manuskript synar den spente situasjonen. Manuskriptet vart revidert like fram til framføringa i stortingsalen. Det er også andre dokument som utfyller hendingane, men i denne samanhengen ynskjer Stortinget å avgrense nominasjonen til desse fire dokumenta.

4.3.1.10 Dokument 10 - Innføring av ålmann røysterett i 1913

Utviding av røysteretten var ei viktig sak gjennom heile hundreåret etter 1814. Ålmann røysterett vart innført 11. juni 1913 då paragraf 50 i Grunnlova fekk ordlyden: *Stemmeberettigede ere norske Borgere, Mænd og Kvinder, der have fyldt 25 Aar, og som have været bosatte i Landet i 5 Aar og opholde sig der.*

Denne dagen vart endringa vedteke etter berre eit kort ordskifte. Dokumenta er trykt i Stortingets dokumentsamling stortingsforhandlingane.

Noreg var med dette det fjerde landet (etter New Zealand 1893, Australia 1902 og Finland 1906) som innførte røysterett for kvinner til parlamentet, og med det ålmann røysterett.

Stortinget ynskjer på grunnlag av dette å nominere konstitusjonskomiteen si innstilling og vedtaket i Stortinget. Dei to dokumenta er:

1. Indst. S. XXXXIII. Innstilling frå konstitusjonskomiteen om de paa Stortinget i 1911 fremsatte forslag til forandring i grundlovens § 50. (Dok. Nr. 72 for 1911, forslagene nr. 4 III, 7, 8 og 9 A.)
2. Forhandlingar i Stortinget. Møde den 11te juni kl. 51/2 efterm. Sak nr. 3. Innstilling fra konstitusjonskomiteen om de paa Stortinget 1911 fremsatte forslag til endring i grundlovens § 50 (indst. S. XXXXIII).

4.3.1.11 Dokument 11 - Dokumentasjon om Noreg sin inngang til oljealderen

Dokumenta er lokalisert i Stortingets hovudarkiv.¹

Det er ikkje enkelt å stadfeste kva tid det norske oljeeventyret starta. Genèvekonvensjonen om kontinentalsokkel frå 29. april 1958 var eit viktig grunnlag for at så mykje av olja og gassen i Nordsjøen tilkom Noreg. I det neste tiåret som fylgde var det i hovudsak den utøvande makta, og ikkje minst eit heller lite utval av tilsette i embetsverket, som var aktørane på norsk side. Tittelen på kapittel 1 i trebandverket om norsk oljehistorie, *Forhandlingene om norsk oljepolitikk 1962-1965. Politikk uten politikere*, illustrerer dette. I samband med nominasjonen til den norske dokumentarven, nominerer Stortinget dokument som illustrerar då Stortinget tok ei meir aktiv rolle. Det er to konkrete vedtak som tydeleggjer dette, nemleg opprettinga av Oljedirektoratet og opprettinga av eit statleg oljeselskap (Statoil). Gjennom stortingsproposisjon nummer 113 1971-72 og innstilling frå industrikomiteen (Innst. S. nr. 316 (1971-72)), handsama Stortinget saka i plenum saka 13. juni 1972. Innstillinga vart samrøystes vedteken, og i lokaliseringsspørsmålet fekk Stavanger meir enn femti prosent av røystene, noko som førte til at båe nyskapingane vart plassert der.

Stortinget ynskjer difor å nominere fylgjande dokument i saka:

1. Innst. S. nr. 316 (1971-72) Innstilling fra industrikomiteen om opprettelse av statens oljedirektorat og et statlig oljeselskap m.m. (som byggjer på St. prp. Nr. 113 (1971-72))

¹ Nominasjonen byggjer på samtalar med historikarane Martin Bould og Helge Ryggvik. Båe har forska på norsk oljehistorie

2. Forhandlinger i Stortinget Em. 13. juni 1972 sak 24 Innstilling fra industrikomiteen om opprettelse av statens oljedirektorat og et statlig oljeselskap m.m.

Dokumenter er trykt i stortingets dokumentsamlinger (stortingsforhandlingane).

4.5 Juridiske forhold

4.5.1 Eigarforhold

Alle dokumenter og arkiva i denne nominasjonen er Stortinget sin eigedom.

4.5.2 Forvaltning

Dokumenter og arkiva er forvalta av stortingsarkivet under leiging av stortingsarkivaren.

4.5.3 Annan rettsleg status

Rettsleg eigar er Stortinget.

Dokument nummer 1 er ikkje tilgjengeleg for publikum. Dokumenter og arkiva 2-6 og 9 er tilgjengeleg etter særskild søknad om forskartilgang. Dokumenter 7, 8, 10 og 11 er tilgjengelege for publikum. Publikumsinteressa for originaldokumenter blir imøtekome gjennom framstilling av digitale kopiar i tida fram mot grunnlovsjubileet i 2014.

Stortinget har opphavsretten til alle dokumenter og arkiva i denne nominasjonen.

Stortingets direktør er juridisk ansvarleg for å ta vare på dokumenter og arkiva. Det utøvande ansvaret er delegert til stortingsarkivaren.

4.6 Bevaring

Dokumenter er plassert i lokale som tilfredsstillar krav til arkivlokale. Dokumenter som har ei særleg nasjonal rolle er plassert i brannsikert kvelv og brannsikker safe.

Inger Lorange Figved
avdelingssjef



Egil Borlaug
stortingsarkivar

Kjelder:

”Stortinget og unionen med Sverige 1814-1905. Dokumenter frå Stortingets arkiver”, Oslo 2005

Hesselberg-Wang, Nina: ”Kongeriket Norges Grunnlov av 17. mai 1814: tilstandsbeskrivelse og bevaringsplan for grunnlovsdokumentet”. Rapport, Oslo 2011

Hesselberg-Wang, Nina: ”Mossekonvensjonen og våpenhvileavtalen mellom Sverige og Norge, datert 14. august 1814”. Rapport, Oslo 2011

